

# Retningslinjer og vilkår for bruk av kommunal kai i Kvinnherad

## 1. Heime

LOV-2019-06-21-70 Lov om havner og farvann (havne- og farvannsloven).

## 2. Defineriing av området

Retningslinjer og vilkåra gjeld for kommunale kaiar i Kvinnherad kommune.

## 3. Kontakt informasjon

Kvinnherad kommune

Rosendalsvegen 10

5470 Rosendal

E-post; [post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no)

## 4. Generelle vilkår

- a) Alle fartøy eller flytande innretningar som fortøyer til kommunale kaiar i Kvinnherad skal betala gebyr og avgifter for hamnetenester etter ei kvar tid gjeldande gebyrregulativ for Kvinnherad kommune.
- b) Fartøyet har ansvar for å ta kontakt med kommunen for å tinga kai plass.

## 5. Kaivederlag

- a) Kaivederlag er skipet betaling for bruk av kaiar som er heilt eller delvis eigd av Kvinnherad kommune. Satsande for kai vederlaget vert årleg sett av Kommunestyret.
- b) Prinsippet for berekning av vederlag er bruttotonn (BT).

Dersom BT for fartøy ikkje er oppgitt i målebrev, vert dette bestemt av hamnemyndighet etter skjønn.

Liggetida vert rekna pr. på begynt døgn, og den vert rekna frå fartøyet legg til kai og til det går i frå kai.

- c) For leigetakarar i Kobbekbukta fiskerihamn vert leigesatsen sett etter størrelsen på fartøyet målt i antall fot. For registrerte fiskefartøy som nyttar Kobbekbukta fiskerihamn, gjeld egne satsar.

Registrerte fiskefartøy har fortrinnsrett i Kobbekbukta fiskeri hamn.

- d) Rutegående fartøy skal ha egne avtalar.
- e) For fartøy som etter ordre frå hamnemyndigheit må forlate kaien for å gje plass for eit anna fartøy og deretter legger til kai igjen, vert liggetida rekna som om fartøyet heile tida har lege til kai, så lenge ikkje fråværet har vart over 3 timar. Dersom det er over 3 timar, skal det skje frådrag i den berekna liggetida for fartøyet som har vore borte frå kaien.
- f) Eit fartøy som ligg utanfor eit anna fartøy og har forbindelse med land over sistnemnde fartøy, skal betala full kai leige.

## 6. Fritak for kaivederlag

- a) Det vert gitt fritak for kaivederlag til statlege fartøy som ikkje vert nytta til befording av gods eller passasjerar mot godgjerung.
- b) I tillegg får følgjande fartøy fritak for kaivederlag;
  - Skuleskip når desse ikkje driv kommersiell verksemd
  - Politi og brannvesen sine båtar, båtar i ambulansoppdrag og i oppdrag for transport av lege, jordmor og dyrlege.
  - Fartøy av spesiell interesse for hamna og kommunen, og fartøy som vert driven av ideelle organisasjonar, stiftelsar og liknande som ikkje driv med kommersiell verksemd.

## 7. Varevederlag

- a) Varevederlag er varens betaling for bruk av kaiar og areal som er eigd heilt eller delvis av Kvinnherad kommune.  
Varevederlag gjeld for alle varer frakta med skip til eller frå kommunal kai.  
Satsane for varevederlag vert årleg sett av Kommunestyre.
- b) Varevederlaget kan bli pålagt varer som vert overført frå eit fartøy til eit anna utan å passera kaien, dersom eit av fartøya ligg ved kommunal kai. Prisen skal då vera 1/3 av ordinær varevederlag.
- c) Varevederlaget dekkjer lagring av varer på kai, eller anna areal disponert av kommunen inntil 48 timar etter avslutta lossing av skip eller inntil 48 timar før lasting av skip tar til.
- d) Varer som vert plassert på kaiområdet til kommunen skal snarast mogleg fjernast, med mindre ein har avtale om lagringstid med hamnemyndigheit.
- e) Varer som vert liggande utan løyve, eller som vert liggande lengre enn avtalt, kan fjernast av Kvinnherad kommune for mottakars eller fartøyet sin rekning. Blir slike varer ikkje henta innan 3 månadar, kan kommunen selja desse ved offentleg auksjon eller vanleg kunngjerung.
- f) Varemottakar svarar for varevederlag på innkomande varer, avsendar av varer svarar for varevederlag for utgåande varer. Dette skal ikkje vera til hinder for at varevederlaget ved innanriks sending etter avtale kan sendes til andre.
- g) Kvinnherad kommune er utan ansvar for tap eller skader av/på varer som vert lagra på kommunal kaiar.
- h) Berekning av mengde;  
For gods med bare angitt kubikkmål regnes  $1\text{ m}^3 = \frac{1}{2}$  tonn  
Sand, singel, sement og asfalt  $1\text{ m}^3 = 1,5$  tonn  
Trelast oppgitt i standard  $1\text{ standard} = 4,6\text{ m}^3$

## 8. Fritak for varevederlag:

- Passasjerar med bagasje
- Proviant, olje og utstyr til fartøyet sine behov
- Ballast

- Postsending

## **9. Lossing, lasting og transport**

- a) Lossing, lasting og transport skal skje forsvarleg slik at ikkje kommunens hamneareal og hamneanlegg vert skada. Varer skal ikkje slepast på kai utan bruk av rullar eller traller, og heller ikkje styrtast frå køyretøy eller fartøy utan forsvarleg underlag.
- b) Varer eller gods som vert lagt på kai området skal ikkje leggjast nærmare enn 1 meter frå kaikant.
- c) Den som har brukt hamneareal og hamneanlegg til lossing eller lasting, plikter å fjerne emballasje og rester av last og liknande så snart som mogleg etter lossing eller lasting er avslutta.

## **10. Tilbod om straum og vatn**

- a) Det er mogleg å kople seg til landstraum i Kobbekbukta fiskerihamn og ved Rosenal kai, betaling etter målt mengde.
- b) Det kan leverast ferskvatn ved Kobbekbukta fiskerihamn og ved Rosendal kai, ein betalar etter målt mengde.

## **11. Sikkerheit, innsynsrett og kontroll tiltak,**

- a) Mottakar og avsendar av gods, ekspeditør eller fartøys fører har plikt til å gje hamnemyndighet informasjon om godsets art og mengde.  
Hamnemyndighet kan krevje kopi av dokumentasjon for å kunne oppfylle offentleg statistikk krav eller for å kunne kontrollere berekning av hamne vederlag.
- b) Hamnemyndighet kan etter eige skjønn nekta bruk av kai / hamn dersom
  1. opplysningsplikta ikkje vert overhaldt
  2. hamna ikkje får adgang til å utføre kontrolltiltak av lasta
  3. dokumentasjon ikkje vert utlevert eller utleveringa vert trenert utan god grunn
- c) Misleghald kan også gje grunnlag for oppseiing av leigeavtalar.

## **12. Karantene / smittevern**

Fartøy som går i utanriksfart eller kjem frå områder med farlege smittsame sjukdommar, skal straks etter fortøyning ved kai ta dei nødvendige førehandsreglar for å hindra at skadedyr kjem i land.

## **13. Renovasjon**

Skip som kjem til kommunal kai kan nytte kommunale avfalls containarar som er sett ut på kaiane. Ordninga omfattar ikkje slam, større kolli, farleg avfall, øydelagde pallar osv. Henting av slikt avfall må bestillast spesielt og vert belasta fartøyet.

Det vises elles til Forskrift om begrensing av forureining av 2004-06-01 kap. 20.

